

Høyringsutkastuttale frå tilsette ved Mo oppvekstsenter

Vi som er tilsette ved Mo oppvekstsenter stiller oss svært kritiske til korleis Surnadal kommune skal kunne å spare inn 4 millionar ved å fase skuledelen av oppvekstsenteret vårt inn på Surnadal barne- og ungdomsskule. Om dei blir flytta vil dei aller fleste av elevane våre framleis ha nynorsk, og dette gjer at klassane med nynorskelevar på einskilde trinn blir så talrike at det pedagogiske sett verkar uforsvarleg for oss om desse ikkje blir delt i fleire klassar. Einingsleiaren ved Surnadal barne- og ungdomsskule er samd med oss i klassane på barnetrinnet ikkje bør vera så store som 25 eller 26 elevar. Pedagogiske sett meiner han personleg at dette ikkje er det beste for elevane.

Om det til dømes blir to klassar meir, fordi elevane våre skal innfasast her så utgjør dette minst ein kostnad på 2 millionar, og det du sparar inn ved innfasinga blir då berre halvparten av det som no er førespegla.

Dei som no arbeider ved Surnadal barne- og ungdomsskule er óg bekymra for at det ikkje blir god nok plass til alle, og at arbeidskvardagen deira blir enda meir utfordrande om elevane frå Mo blir flytta hit.

Kommunalsjef i oppvekst seier til media at han meiner å fase elevane på Mo oppvekstsenter inn på Surnadal barne- og ungdomsskule allereie frå august kan gjennomførast ved dialog, realistiske forventningar og tilpassingar. Han seier vidare at vi må vera ærlege på at kommunen ikkje har råd til å vente. Dette stiller vi oss svært undrande til, óg vi lurar på kva kostnader eventuelle tilpassingar vil føre med seg. Kor mykje blir til slutt att av dei fire millionane Surnadal kommune trur dei sparar?

Om det blir fleire klassar på Surnadal barne- og ungdomsskule så må truleg óg ein eller fleire klassar flytta ut, fordi skulen slik han er no ikkje har fleire rom som kan nyttast som faste klasserom. Vi veit at det alltid dukkar opp uforutsette utgifter om eit rom eller bygning må opprustast til klasseromsstandard.

Slik vi driv Mo oppvekstsenter no er det ein del sambruk av tilsetteressursar mellom skule og barnehage. Om skuledelen forsvinn blir dermed barnehagen dyrare å drifte, for på barnehagesida er det ei klar norm som bestemmer kor mange vaksne ein til kvar tid treng her.

I økonomiplana for Surnadal kommune blir det snakka om bolyst i heile kommunen og vi undrar oss sterkt over korleis ein meiner ein skal kunne oppnå dette, om ein legg ned skuledelen ved eit av oppvekstsentera i kommunen.

Vi meiner óg at å fase skuledelen av Mo oppvekstsenter inn i Surnadal barne- og ungdomsskule bryt med FN sine bærekraftsmål. FN sine mål legg vekt på kor viktig det er at til dømes skulen ligg nær der elevane bur.

No har vi her på Mo oppvekstsenter svært god kompetanse på alle område både på barnehage- og skulesida. Om vi ikkje får halde fram med å vera eit fullverdig oppvekstsenter er dette kanskje ein kompetanse som kommunen i verste fall går glipp av. Vi har no naturleg nok tilsette som søker jobbar utanfor Surnadal kommune.

For å få ro framover ønskjer vi at de i kommunestyret går attende til det opphavlege vedtaket frå oktober, slik at det er talet på elevar som avgjer om og eventuelt når det ikkje lengre blir skuledrift ved Mo oppvekstsenter. Dette er etter vårt syn forutsigbart for både tilsette, elevar og foreldre.

Vi veit ikkje om nokon av dykk kan klare å sette dykk inn i korleis det er at vi no må vente heilt til mai før vi veit kva arbeidskvardag som ventar elevane våre og oss sjølve når vi kjem til august. Vi har aukande barnetal både i barnehagen og på skulesida, men sit likevel med ei sterk kjensle av at kampen om å behalde Mo oppvekstsenter som eit fullverdig oppvekstsenter, så lenge det er passeleg mange barnehageungar og elevar her i Øverbøgda, er ein kamp vi rett og slett ikkje kjem til å vinne.